



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 19.06.2018
Vår ref.: 2018/11420-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Varsel om arkeologisk registrering - Hopland – gnr. 172 bnr. 3 - dispensasjon - bruksendring - Lindås kommune

Me viser til dykkar brev datert 30.05.2018, med ovafor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har kjennskap til ein rekke automatisk freda kulturminne på Seim, blant anna fleire bautasteinslokalitetar (Askeladden -id. 35857, 100249 og 215169), gravminne (Askeladden –id. 66400, 212293), forhistoriske dyrkingsspor (Askeladden –id. 214908, 214867), samt mellomalderkyrkjestaden (Askeladden –id. 144416) med tilhøyrande tunområde frå mellomalder med tufter og vegfar (Askeladden -id 214930). Med bakgrunn i kjennskap til nemnde kulturminne og området sentrale plassering på Seim, kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført ved maskinell fleteavdekking i området der nye tiltak- og formålsendring er ynskja. Ved maskinell fleteavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 meter breidde. Lengde og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve.

Alle sjakter vil verte fylt att når feltarbeidet er ferdig. Eventuelle følgjer etter registreringa som til dømes arrondering, tilsåing med gras, veiter som må opparbeidast, gjerder som må flyttast osv. dekkast ikkje innanfor budsjettet til ei arkeologisk registrering, men er ei sak mellom tiltakshavar og grunneigar.

Kostnadsoverslaget er lagt ved. Skulle kostnadene overskride vårt overslag vil vi varsle dykk om dette. Me ber om skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med opplysingar om organisasjonsnummer og signatur på ansvarleg betalar, slik at vi kan sette prosjektet inn i vår feltkalender. Vi gjer merksam på at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova må verte oppfylt før dispensasjon/tiltak kan eigengodkjennast av kommunen.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
SWECO NORGE AS

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag - Hopland - gnr 172 bnr 3 -